

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.11.2013
Sakhandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Innspel til statsbudsjettet for 2015**

Arkivsak
2009/469
Styresak 135/13 B

Styremøte 04.12. 2013

Forslag til vedtak

Styret gir innspel til statsbudsjettet for 2015 i tråd med vedlagte forslag til brev.

Oppsummering

I Oppdragsdokumentet for 2013 blir Helse Vest RHF bedt om å kome med innspel til statsbudsjettet for 2015.

Det er i samarbeid mellom dei regionale helseføretaka gjort ei vurdering av aktivitetsbehovet i 2015 som underlag for innspel til statsbudsjettet for 2015.

Det er stipulert behov for ein vekst på 2,8 % for somatikk og 3 % for psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn unge, og tilsvarande for rusområdet (TSB). Det inneber vekst knytt til både framskriving av folketalet (demografi) og andre endringar (realvekst).

Innspelet går fram av vedlagte forslag til brev til Helse- og omsorgsdepartementet.

Fakta

I Oppdragsdokumentet for 2013 blir Helse Vest RHF bedt om å kome med innspel til statsbudsjettet for 2015.

Å gi innspel til komande statsbudsjett er ei fast oppgåve, og praksis har vore at dei regionale helseføretaka samarbeider om dette. Det er gjort denne gongen også. Det er laga eit felles utkast til brev. Kvart regionalt helseføretak sender likevel eige brev og legg til eventuelle eigne kommentarar.

Kommentarar

Det er gjort ei overordna vurdering av behovet for aktivitet i spesialisthelsetenesta i 2015 innan somatiske tenester, psykisk helsevern og tilbodet til rusmiddelavhengige (TSB). Analysane er gjort på overordna og nasjonalt nivå.

Det er vurdert behov for å auke aktiviteten for å møte behova for tenester. Det vil også vere viktig å auke innsatsen innan forskning og utvikling og auke investeringane i bygg og utstyr.

Når det gjeld behovet for tenester er det to komponentar som inngår:

- aktivitetsauke som følgje av framskriving av folketalet (demografi)
- auke i aktivitet knytt til endringar i tilbodet m.a. at nye behandlingmetodar blir tatt i bruk, det blir mogeleg å gi fleire behandling, indikasjon for behandling blir endra, tilbod til nye grupper (realvekst)

Det er såleis gjort ei vurdering av både korleis veksten i folketalet og andre faktorar vil kunne påverke aktivitetsbehovet. Det er i denne samanheng og vurdert ventetidsutviklinga innan dei einskilde tenesteområda og kor mykje aktiviteten må auke for at ventetida skal vere i tråd med nasjonale mål.

Veksten set også krav til meir effektiv bruk av ressursane.

Det er vist korleis utviklinga i aktivitet og ventetider har vore i perioden 2009 og fram til 2012. For ventetidene er utviklinga vist til og med 1. tertial 2013.

På basis av gjennomgangen er det anslått behov for ein vekst på 2,8 % for somatikk og 3 % for psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge, og tilsvarande for rusområdet (TSB).

Det er til sist gitt nokre kommentarar til:

- implementeringa av samhandlingsreforma
- kostnader knytt til innføring av ny teknologi og legemidlar
- opphør eller reduksjon av tredjeparts finansiering
- auka pensjonskostnader og ISF-sats
- konsekvensar av endra lovverk og behov for nye løysingar for samhandling på tvers

Som ein særskild merknad frå Helse Vest er vidare planlegging av fase 2 på nytt barne- og ungdomssenter i Helse Bergen (BUSP) og arbeidet med utviklingsplan i Helse Stavanger omtalt.

Konklusjon

Det er hefta usikkerheit til denne type framskriving og vurdering av behovet for aktivitetsvekst. Det er også ulikskap mellom regionane.

Det blir likevel tilrådd at vedlagte brev blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet som innspel til det vidare arbeidet med statsbudsjettet for 2015.